



Arkivnr: 2015/2962-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		18.03.2014

## Fordeling av museumsplanmidlar på institusjon 2015

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av museumsplanmidlar for 2015 på dei einskilde institusjonane. Handlingsprogrammet 2015, Regional plan for museum 2011-2015, vart handsama og vedteken i Fylkestinget 10. mars, sak PS 20/2015. Her var museumsplanmidlane på 2 mill. kroner fordelt på tiltak. Fylkestinget ga Kultur- og ressursutvalet i oppgåve å fordele midlane på enkeltinstitusjonane.

I denne saka til Kultur- og ressursutvalet er det forslag om fordeling av 1 450 000 mill. kroner av dei 2 mill. kronene. Summen på 550 000 kroner som står att, skal gå til evaluering av museumsreforma (400 000 kr). Her må det utarbeidast eigne retningsliner med konkretisering av oppdrag. Ei slik avgrensing og definering vert å kome attende til i eiga sak. I tillegg skal 150 000 kroner gå til utgreiing om fellestenester for fotografi. Her må det og utarbeidast retningsliner for konkretisering av oppdrag. Dette oppdraget vert å kome attende til i eiga sak.

Utgangspunktet for tildeling av museumsplanmidlar på institusjon er museumsplanen sine overordna målsetjingar. Gjennom museumsplanmidlar gir fylkeskommunen oppgåver til musea som ikkje er direkte retta mot eiga verksemd og som går til oppgåver som ein vil løfte.

**Forslag til vedtak**

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler museumsplanmidlar, 1 450 000 mill. kroner, på institusjonsnivå, budsjettpost 400.660.52.14700, slik:

Tiltak	Til fordeling	Fordeling på institusjon
Tiltak 1 Drift og investeringar	200 000 kr til museumsløft	Felles til alle musea, organisert gjennom Museum Vest
Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum	200 000 kr til tiltak/dokumentasjon av endringsprosessar	Sunnhordland Museum
Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning	750 000 kr til Thermo Lignum-kammer	Bevaringstenestene (Museumssenteret i Hordaland)
Tiltak 30 Digitalt Museum og interaktiv kommunikasjon med publikum	300 000 kr til dei seks musea som ikkje tidlegare har fått midlar til eit slikt løft om digitalisering	Bymuseet i Bergen: 50 000 kr Olav H. Hauge-senteret: 50 000 kr Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: 50 000 kr Museum Vest: 50 000 kr Museumssenteret i Hordaland: 50 000 kr KODE: 50 000 kr
Totalt	1 450 000 kr	

2. Konkretisering av oppdrag knytt til evaluering av museumsreforma og forprosjekt om utgreiing om fellestenester for fotografi vert å kome attende til i eiga sak etter sommaren

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.03.2015**

I fordelinga av museumsplanmidlane for 2015 på institusjon er utgangspunktet dei overordna måla i Regional plan for museum 2011-2015. I PS 20/2015 til Fylkestinget kom fordelinga på institusjon direkte fram for fleire av tiltaka. Under tiltak 30 vart det såleis lagt vekt på at dei seks institusjonane som ikkje hadde fått midlar under dette tiltaket tidlegare, skal få 50 000 kvar. Midlar under tiltak 1 drift og investeringar skal gå til kartlegging av bygningsmassen som eit felles tiltak for alle musea. Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning går til Bevaringstenestene og Thermo Lignum-kammer. Bevaringstenestene er fellestenestene for musea i Hordaland innan konservering og magasin.

Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum omfattar mellom anna det ansvaret dei regionale ansvarsmusea har som rådgjevar i museale- og kulturminnespørsmål overfor einingar som ikkje er ein del av dei konsoliderte musea. Oppgåva vil også omfatte behovet for å gjere tiltak/dokumentasjon i dei tilfelle ein bedrift, ei næring eller eit landskap er i endring. 200 000 kroner skal gå til slike dokumentasjonsoppgåver (Fylkestinget PS 20/2015).

Sunnhordland museum har store oppgåver innan maritim industrihistorie på fleire felt. Eit område er å avklare rolla som regionalt ansvarsmuseum i høve dei samlingane som ulike miljø i Sunnhordland representerer, med særleg vekt på Stord Maritime Museum. Ei anna viktig oppgåve er å dokumentere den maritime motorhistoria på ein meir heilskapleg måte, slik at denne historia også vert satt i samanheng med motorhistoria i resten av Hordaland. Dette vil vere eit viktig bidrag til arbeidet med samlingsforvaltingsplan som er ei satsing i vårt fylke, samtidig som oppdraget kan avklare meir om Sunnhordland museum si rolle som regionalt ansvarsmuseum i høve ulike samlingar.

Fordeling av ordinære museumsplanmidlar på institusjon 2012, 2013, 2014 og 2015

<b>Institusjon</b>	<b>Tildelt 2012</b>	<b>Tildelt 2013</b>	<b>Tildelt 2014</b>	<b>Forslag 2015</b>
<b>Baroniet Rosendal</b>	-	50 000	150 000	-
<b>Bergens Sjøfartsmuseum</b>	-	153 000	50 000	-
<b>Bymuseet i Bergen</b>	100 000	298 500	271 500	50 000
<b>Hardanger og Voss museum</b>	200 000	450 000	150 000	-
<b>KODE</b>	200 000	248 500	171 500	50 000
<b>Museumssenteret i Hordaland,</b>	900 000	350 000	675 000	800 000
<b>Av dette til fellesprosjekt/Bevaringstenestene</b>	900 000	350 000	500 000	750 000
<b>Museum Vest</b>	175 000	200 000	310 000	250 000
<b>Av dette til fellesprosjekt</b>				200 000
<b>Sunnhordland museum</b>	325 000	100 000	102 000	200 000
<b>Norsk Vasskraft- og industristadmuseum</b>	100 000	150 000	120 000	50 000
<b>Olav H. Hauge-senteret</b>			100 000	50 000

Tildelinga til Sunnhordland museum på 200 000 kroner vil gå inn i felles samlingsforvaltingsplan, og er såleis ei fellesoppgåve for alle musea, samtidig som det er med på å løfte problemstillingar og tema som gjeld museet særskilt. Forslag til fordeling har såleis ein dobbel funksjon.

Olav H. Hauge-senteret er ein del av museumsplanmidlane frå og med 2014. Hovudtildelinga til Museumssenteret i Hordaland har gått til fellestiltak gjennom Bevaringstenestene.

